

Nettbasert arrangements- og bookingsystem for lag og organisasjonar

BACHELOROPPGÅVE 2015

FRANK TANGEN



Oppsummering av oppgåva

Arrangementskalenderen er ei eigendefinert oppgåve.

Webapplikasjonen er eit arrangements- og bookingsystem primært for lag og organisasjonar, men også for alle andre arrangørar som ynskjer å publisere arrangement.

Systemet er meint installert på kommunen sin webtenar og vil gje brukarar høve til å registrere og redigere arrangement i ein felles kalender.

Oppføringane vert relatert til arrangøren som har registrert arrangementet.

Det skal vere mogeleg reservere plass ved arrangement der booking er lagt inn.

Kvifor denne oppgåva

Eg arbeider som nettredaktør i ein kommunal portal og ser at alle kommunar har tilbod om ein arrangementskalender på sine portalar. Diverre er desse løysingane så lite funksjonelle at dei ikkje vert brukt. Eg håpar difor å kunne lage ei løysing som er meir funksjonell.

Det frivillige lagsarbeidet er ei av dei sterkaste drivkreftene i eit lokalsamfunn. Difor føler eg at det vil vere bra å kunne utvikle ei løysing som betrar arbeidsvilkåra for alle dei frivillige sjelene som driv med lagsarbeid.

Korleis eg har løyst oppgåva

Har gjort mykje research på eksisterande løysingar på nett.

Kom tidleg i gang med arbeidet med visjonsdokument og kravdokument.

Kravspesifikasjonen vart basert på funn frå undersøkingar av eksisterande løysingar og eigne røynsler som nettredaktør.

Har hatt god dialog med rettleiar med 2-3 rettleiarmøter i månaden.

Har fulgt framdrifta ut frå milepålsplanen.

Eg har valgt å bruke VB-basert classic asp som utviklingsspråk og MS Accesss som database.

Vidare arbeid

Løysinga bør justerast til å bruke MySQL som database.

Systemet bør integrerast mot sosiale medier.

Bookingsystemet kan utviklast til eit billettbetalingssystem.